Styremedlemmer godtgjøres med kr. 2300,- pr. møte

Nestleder godtgjøres med kr. 7 000,- pr. år i tillegg til godtgjøring pr. møte som styremedlem.

Styreleder godtgjøres med kr. 25 000,- pr. år i tillegg til godtgjøring pr. møte som styremedlem.

Saksutredning

Styret skal ha 5 medlemmer med personlige varamedlemmer, som er valgt av representantskapet for fire år av gangen, etter fremlegg fra deltakerkommunene, jf. selskapsavtalen § 8, 2. ledd. Alle deltakerkommunene skal være representert i styret, jf. selskapsavtalen § 8, 2. ledd.

Valgnemnda for de interkommunale selskap i Setesdal har fått i oppdrag å legge frem forslag til styre og et helhetlig system for godtgjøring til styreleder og øvrige medlemmer i styrene i de interkommunale selskap.

Valgnemnda har ikke kommet med innstilling til styre for neste 4-årig periode, men har gitt tilbakemelding (Karina Sloth) at man ønsker samme styresammensetning som i sittende styre. Valgnemnda har ikke heller kommet med forslag til godtgjøring til styreleder og øvrige medlemmer i styret. Ut fra dette har daglig leder etter avtale med leder i Setesdal Politiske Råd satt opp forslag til styre for Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS inklusiv forslag til styreleder og nestleder (som sittende styre), samt utarbeidet forslag til satser for godtgjøring til styret.

Eksisterende satser for godtgjøring til styret ble fastsatt i 2019, ved utarbeidelse av forslag til nye satser for godtgjøring til styret, er det tatt utgangspunkt i dagens satser og den generelle prisutvikling siden fastsettelse av disse (2019).

Forslag til styre for perioden 2023-2027/sittende styre:

SMG			
Kommune	Fast medlem		Varamedlem
Iveland	Egil Mølland	Leder	Monica Verdal
Evje og Hornnes	Anne Sofie Hornnes		Steinar Tjessem
Bygland	Kjell Øyvind Berg		Even Simensen
Valle	Torunn Charlotte Nyberg		Magnus Berg
Bykle	Eirik Birkeland	Nestleder	Ann Ebeltoft

Forslag til godtgjøring for styret:

Styremedlem godtgjøres med kr. 2 300,- pr møte

Nestleder godtgjøres med kr. 7 000,- pr. år i tillegg til godtgjøring pr. møte som styremedlem

Styreleder godtgjøres med kr. 25 000,- pr. år i tillegg til godtgjøring pr. møte som styremedlem

Bakgrunn for saken

Valg av styre og fastsetting av godtgjøring til dette

Evje, 12/13/2023

Daglig leder

Vedlegg:**Andre dokumenter i saken:**

Saksframlegg Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
10/23	Representantskap Setesdal Miljø og Gjenvinning	19.12.2023

Valg av revisor og fastsettelse av godtgjørelse til denne

Forslag til vedtak:

Agder Kommunerevisjon IKS velges som selskapet sin revisor.
Revisor avregnes etter medgått tid og gjeldende satser for Agder Kommunerevisjon IKS

Saksutredning

I henhold til selskapsavtalen § 7 skal representantskapet velge selskapets revisor. Setesdal Miljø & Gjenvinning IKS har i dag Agder Kommunerevisjon IKS til å foreta revisjon av regnskapet. Dette foreslås også for kommende periode.

Det skal også fastsettes godtgjøring til revisor for revisjon av regnskapet og annen tjeneste.

Tjenesten har vært avregnet etter medgått tid og gjeldende satser for Agder Kommunerevisjon IKS, denne praksis foreslås videreført for neste 4-års periode.

Innstilling

Agder Kommunerevisjon IKS Velges som selskapet sin revisor
Revisor avregnes etter medgått tid og gjeldende satser for Agder Kommunerevisjon IKS

Bakgrunn for saken

Valg av revisor og fastsettelse av honorar til denne

Evje, 12/13/2023

Daglig leder

Saksframlegg Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
25/23	Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS	06.12.2023
11/23	Representantskap Setesdal Miljø og Gjenvinning	19.12.2023

Selskapsavtale - endringsforslag

Forslag til vedtak:

Forslag til revidert selskapsavtale oversendes representantskapet for godkjenning

**Setesdal Miljø og Gjenvinning IKSs behandling av sak 25/2023 i møte den:
06.12.2023**

Behandling:

Utkast til ny selskapsavtale/selskapsvedtekter ble gjennomgått.

Forslaget oversendes representantskapet for godkjenning før de sendes eierkommunene for endelig vedtak

Styrets forslag til vedtak:

Forslaget oversendes representantskapet for godkjenning før de sendes eierkommunene for endelig vedtak

Innstilling til representantskapet:

Forslag til revidert selskapsavtale oversendes eierkommunene for godkjenning

Saksutredning

Jevnfør tilråding i eierskapskontroll foretatt Agder Kommunerevisjon på oppdrag fra kontrollutvalgene i eierkommunene til SMG, har selskapet foretatt en revidering av selskapsavtalen. Den reviderte selskapsavtale har integrert tilrådingene i eierskapskontrollen og kommet med forslag til ytterligere endringer der man har funnet det aktuelt.

I tillegg til tilrådingene i eierskapskontrollen er endringene som er foreslått av mindre betydning, men likevel relevante. Unntak fra dette er forslag til endring i låneramme fra kr. 15 mill. til kr. 40 mill. Utvidelse av lånerammen ses som en nødvendighet for at selskapet skal kunne ivareta forpliktelser gitt i selskapsavtalen, dette med hensyn til å tilfredsstille kommende krav til avfallshåndtering og

ombruk/gjenvinning. I tillegg vurderes det om selskapet bør ta over resterende aktiva i eierkommunene for selvkostregnskapet innen renovasjon.

Bakgrunn for saken

Utredning og begrunnelse

Tilrådning i eierskapskontroll for SMG om endringer i selskapsavtalen for SMG

Evje, 12/13/2023

Daglig leder

Vedlegg:

1 Forslag til Selskapsvedtekter SMG 2024 1.doc

Selskapsavtale for Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

Versjon 300409

§ 1 Selskapet sitt namn

Selskapet sitt namn er Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS (SMG)

§ 2 Deltakarar og ansvar

Selskapet er eit interkommunalt selskap, stifta i medhald av lov om interkommunale selskap, lov 29.01.99/6, med fylgjande deltakarar:

	<u>Organisasjonsnr.</u>	<u>Deltakaransvar og eigarlutar:</u>
Bykle kommune	958 814 968	1/5
Valle kommune	964 966 575	1/5
Bygland kommune	964 966 397	1/5
Evje og Hornnes kommune	964 966 109	1/5
Iveland kommune	864 966 012	1/5

§ 3 Føremålet med selskapet

Føremålet med selskapet er å take vare på alt avfall i regionen på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte, ved at kommunane overfører dette ansvaret til selskapet.

Selskapet skal:

- etablere, eige og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av avfall i dei fem kommunane i samsvar med forureiningslov og konsesjonsvilkår,
- vere ansvarleg for innsamling, transport og handsaming av alle avfallstypar etter lovverk og føresegner,
- ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå reinseanlegg, septiktankar og lukka anlegg,
- drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging vedkomande avfallshandtering,

Selskapet kan ta på seg oppgåver for eigarkommunane og andre kundar og kjøpe tenester knytt til drifta frå andre når dette er teneleg.

Selskapet avgjer i kor stor grad drifta skal nytte eigne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leige og/eller driftsavtalar med kommunar, verksemdar eller personar.

Representantskapet kan vedta at selskapet deltek i andre føretak med avgrensa ansvar, når dette fremjar selskapet sitt føremål og kompetanse, og/eller tek sikte på å gjeve tekniske- økonomiske- og miljømessige driftsføremoner.

Kommunane skal samordne sine renovasjonsføresegner slik at dei vert like og samsvarer med selskapsavtalen.

§ 4 Selskapet sitt hovudkontor

Selskapet har hovudkontor i Evje og Hornnes kommune.
Adresse: 4735 Evje

§ 5 Representantskapet

Representantskapet er det øvste organet i selskapet, og deltakarane utøvar sitt mynde i selskapet gjennom dette.

Representantskapet har 10 medlemmer med varamedlemer, fordelt med 2 medlemmer med varamedlemer frå kvar av kommunane, og med ei røyst for kvar representant. Det enkelte kommunestyre vel sjølv sine representantar, og valet fylgjer den kommunale valperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar for to år om gongen.

Ordførarane i deltakarkommunane har møte- og talerett, men ikkje røysterett med mindre dei er valde medlemmer av representantskapet. **Kommunedirektørene** i deltakarkommunane har møte- og talerett i representantskapsmøte.

Om ikkje representantskapet i den einskilde saka bestemmer noko anna, har medlemene i styret og dagleg leiar rett til å vere til stades i representantskapet sine møte og til å uttale seg. Leiar i styret og dagleg leiar har plikt til å vere til stades med mindre det ikkje er tvilsamt at det er unødvendig eller det er gyldig forfall. I sistnemnde tilfelle skal det peikast ut ein som møter i staden.

§ 6 Sakshandsaminga i representantskapet

- a) Ordinært representantskapsmøte skal haldast kvart halvår, seinast innan utgangen av juni og desember kvart år.
- b) Ekstraordinært representantskapsmøte skal haldast etter vedtak av styret, eller dersom leiar for representantskapet, styreleiar, dagleg leiar, revisor eller to av deltakarkommunane krev det.
- c) Leiaren i representantskapet kallar inn til møte. Innkalling og sakliste skal sendast medlemene og varamedlemene med minst **8 dagers** varsel, om ikkje stuttare frist er heilt naudsynt. Innkalling med sakliste skal også sendast kommunane **sine postmottak** med same frist.
- d) Møte i representantskapet skal leiast av leiar, eller nestleiar i hans fråver. Dersom ingen av desse er til stades vel representantskapet ein møteleiar.
- e) Representantskapet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades og desse representerer minst to tredeler av røystene. Med mindre anna fylgjer av lov eller

selskapsavtale må eit gyldig vedtak vere gjort med fleirtal av dei røystene som er gjevne. Ved likt røystetal er møteleiaren si røyst avgjerande. Ved val eller tilsetjing er den vald eller tilsett som får flest røyster.

- f) Protokoll frå representantskapet skal underskrivast av møteleiaren og to medlemmer i representantskapet som vert valde til dette.
- g) Om ugildskap for medlemene gjeld reglane i kommunelova § 11-10 og 13-3, jf. forvaltingslova § 6, tilsvarande.

§ 7 Representantskapet sine oppgåver

Representantskapet skal kvart år:

1. Vedta mål og retningslinjer for drifta i den komande perioden.
2. Vedta budsjett og økonomiplan.
3. Godkjenne rekneskap og gjere vedtak om disponering av overskot.
4. Handsame og godkjenne årsmelding frå styret.

Når det er naudsynt:

5. Gjere fylgjande val:
 - valnemnd
 - leiar og nestleiar i representantskapet
 - styremedlemmer med personlege varamedlemmer
 - leiar og nestleiar i styret
 - selskapet sin revisor
6. Vedta reglement for representantskapet og styret.
7. Vedta godtgjersle for verv i selskapet og honorar til revisor.
8. Godkjenne kjøp eller sal av fast eigedom, avtalar og større investeringar som har stort omfang for selskapet eller ein eller fleire av deltakarane, eller deltaking i andre selskap.
9. Handsame saker som representantskapet sjølv tek opp eller som styret legg fram.

§ 8 Styret

Styret for selskapet har ansvar for drifta i samsvar med lov og føresegner, selskapsavtalen og vedtak i representantskapet.

Styret skal ha minst 5 medlemmer med numeriske varamedlemmer, som vert valde av representantskapet for fire år om gongen, etter framlegg frå deltakarkommunane. Alle deltakarkommunar skal vere representert i styret. Det er mogleg å hente inn eit eksternt styremedlem med relevant kompetanse.

Dagleg leiar kan ikkje vere styremedlem, men har møte- og talerett i styret. Leiar i representantskapet har rett til å vere til stades og har talerett i styret. Styret kan bestemme at også andre kan vere til stades i styremøte.

Ein representant for dei tilsette har møte- og talerett i tråd med kommunelova § 13-4, i saker som gjeld tilhøvet mellom selskapet som arbeidsgjevar og dei tilsette.

§ 9 Sakshandsaminga i styret

- a) Styret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er til stades. Kvar styremedlem har ei røyst. Vedtak skal gjerast som fleirtalsvedtak. Ved likt røystetal er møteleiaren si røyst avgjerande.
- b) Styreleiar kallar inn til styremøte så ofte han finn det naudsynt, eller når revisor, dagleg leiar eller minst ein av styremedlemene krev det.
- c) Innkalling skal som hovudregel vere skriftleg, til vanleg med ei veker varsel. Saker som ikkje står på saklista kan handsamast dersom ikkje møteleiaren eller ein tredjedel av dei frammøtte set seg i mot dette.
- d) Det skal førast protokoll frå styremøta som skal sendast styremedlemene, leiar i representantskapet og postmottak i deltakarkommunane. Protokollen skal underteiknast av alle styremedlemmer som er til stades.
- h) Om ugildskap for styremedlemene gjeld kommunelova § 11-10 og 13-3, jf. forvaltingslova § 6, tilsvarande.
- e)

§ 10 Styret sine oppgåver

Styret har ansvar for forvaltinga og ei tilfredsstillande organisering av selskapet. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapsavtalen, årsbudsjettet og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet.

Styret skal:

- Syte for at rekneskapsføringa og forvaltinga av formuen vert utført med fullgod kontroll.
- Lage framlegg til vedtak som skal til representantskapet.
- Leggje fram årsmelding og rekneskap for representantskapet.
- Utarbeide årsbudsjett og økonomiplan og leggje det fram for representantskapet.
- Vedta mindre utvidingar av anlegg og kjøp av maskinar innfor budsjettet.
- Tilsetje dagleg leiar.
- Utarbeide instruks for dagleg leiar og føre tilsyn med den daglege leiinga av selskapet.
- Vedta personalpolitiske retningslinjer, dei tilsette si løn og eventuelle oppseiingar.
- Vedta delegasjonsreglement for dagleg leiar for tilsetjing av personell, personaladministrative oppgåver og andre saker som gjeld drifta av selskapet innfor gjevne ramar.
- Godkjenne låneopptak innfor ramma i selskapsavtalen og årsbudsjett.
- Styret gjennomfører ein årleg eigenevaluering, dagleg leiar har møte- og talerett.

Protokoll frå styremøte skal sendast til leiaren i representantskapet og postmottak i deltakarkommunane.

§ 11 Selskapet sin representasjon

Styreleiaren, eller i hans fråver to av styremedlemene, kan saman med dagleg leiar forplikte selskapet. Styret syter for å gjeve naudsynt prokura.

Dagleg leiar representerer selskapet utetter i saker som fell inn under hans mynde.

§ 12 Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som har ansvaret for den daglege leiinga av selskapet, og elles fylgje dei retningsliner og pålegg som vert gjevne av styret.

Dagleg leiar har tilvisingsmynde innafor vedtatt budsjett, og førebur dei saker som skal handsamast av styret. Utgifter til dagleg leiar personleg, eller når han er ugild, skal tilvisast av styreleiar

Den daglege leiinga famnar ikkje om saker som etter tilhøva i selskapet er av uvanleg/prinsipiell art eller har mykje å seie for selskapet. Slike saker kan dagleg leiar berre avgjere når styret i den enkelte saka har gjeve han mynde til det, eller når ein ikkje kan vente på styret si avgjerd utan vesentleg ulempe for selskapet. I slike høve skal det snarast gjevast melding til styret om saka.

Dagleg leiar skal syte for god og jamleg kontakt med administrasjonen i deltakarkommunane, for å sikre utveksling av informasjon om verksemda, oppgåver verksemda har for kommunane og tilbakemelding frå kommunane.

Dagleg leiar har tilsettingsmynde.

§ 13 Selskapet som arbeidsgjevar og dei tilsette sine rettar

Selskapet skal vere medlem av Samfunnsbedriftene. Dei tilsette skal fylgje Samfunnsbedriftene sin tariffavtalar og gjeldande pensjonsordning for selskapet. Dei tilsette har høve til å søkje internt utlyste stillingar i deltakarkommunane.- Tas bort?

§ 14 ~~Innskot frå deltakarane Etterdrift av deponi Syrtveit~~

~~Deltakarane overfører alle egedelar, rettar og forpliktingar i Setesdal Renovasjonsselskap til Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.~~

SMG har ansvar for etterdrift av deponi på Syrtveit og avsetje naudsynt kapital til dette. Dersom avsett kapital ikkje er tilstrekkeleg, står deltakarkommunane solidarisk ansvarleg. tilskot ut over det som fylgjer av selskapsavtalen må vere heimla i eigen avtale mellom deltakarkommunane.

§ 15 Låneopptak

Selskapet kan ta opp lån til kapitalføremål og til konvertering av eldre gjeld innafor ei maksimal ramme på 40 millionar kroner.

Låneopptak for det enkelte år krev samtykke frå representantskapet, og må godkjennast av departementet.

§ 16 Rekneskap og revisjon

Selskapet skal fylgje dei budsjett- og rekneskapsføresegnene som til kvar tid gjeld for kommunesektoren.

Selskapet skal ha revisor som vert valt av representantskapet.

§ 17 Årsbudsjett og økonomiplan

Styret utarbeider framlegg til årsbudsjett og økonomiplan for dei neste fire åra. Årsbudsjettet og økonomiplanen skal setjast opp slik at det syner eit realistisk bilete av verksemda og det økonomiske resultatet ein reknar med. Årsbudsjettet og økonomiplanen skal handsamast og godkjennast av representantskapet.

Dersom budsjettet føreset tilskot frå deltakarane, er det ikkje endeleg før deltakarkommunane sine budsjett er handsama.

Dersom det er grunn til å rekne med vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve til budsjettet, skal styret for selskapet straks gjeve melding til medlemene i representantskapet. Leiaren for representantskapet syter for at det vert halde møte i representantskapet der styret gjer greie for årsaka til avvika frå budsjettet og gjer framlegg om revidert budsjett.

§ 18 Prisar på tenester og avfallsgebyr

Rammene og prinsippa for selskapet sine ulike tenester vert fastsett av representantskapet etter framlegg frå styret. Selskapet sine tenester skal ha ein pris som dekker driftsutgifter, kapitalkostnader og fondsavsetjing til planlagde investeringar. Prisane vert fastsette i årsbudsjettet for selskapet.

Innbetaling frå kommunane til selskapet skjer etter laupande fakturering.

Avfallsgebyret til innbyggjarane i dei enkelte deltakarkommunane må vedtakast av det enkelte kommunestyre.

§ 19 Utmelding

Dersom ein av kommunane vel å gå ut av selskapet og krevje seg utløyst, må vedtak om dette gjerast av kommunestyret sjølv, og leggjast fram for representantskapet seinast to år før neste års budsjett er vedtatt i representantskapet.

Utløysingssummen vert sett til nettoverdet av eigarluten ved utgangen av oppseiingstida, men ikkje større enn verdet av dei midlar vedkomande kommune har skote inn. Er deltakaren sin eigarlut negativ er dette deltakaren sitt tap som skal innbetalast til selskapet.

Representantskapet kan leggje oppseiing fram for departementet innan 1 månad etter at selskapet har mottatt melding om utmelding. I representantskapet har den som ynskjer å gå ut ikkje røysterrett i spørsmålet om å leggje saka fram for departementet.

§ 20 Oppløysing av selskapet

Selskapet kan berre oppløysast dersom deltakarane er samde om det. Vedtak om oppløysing av selskapet må handsamast av kommunestyret i deltakarkommunane etter framlegg frå representantskapet.

Vedtak om oppløysing av selskapet krev 2/3 fleirtal i to representantskapsmøte med minst seks månaders mellomrom.

Dersom deltakarkommunane vedtek å oppløyse selskapet skal representantskapet velje eit avviklingsstyre, og avviklinga skal gjennomførast i medhald av IKS-lova §§ 33-38.

Selskapet skal oppløysast dersom talet på deltakarar vert redusert til ein på grunn av utmelding eller utelukking.

Ved oppløysing vert eigedelar og gjeld å fordele i samsvar med eigarlutane, jf. selskapsavtalen § 2, med mindre anna er avtalt.

Vedtak om oppløysing av selskapet skal godkjennast av departementet.

§ 21 Endring av selskapsavtalen

Endringar i selskapsavtalen skal godkjennast av kommunestyra i alle deltakarkommunane dersom det gjeld:

- selskapet sitt namn
- kven som er deltakarar
- selskapet sitt føremål
- den kommune der selskapet har sitt hovudkontor
- talet på styremedlemer
- den enkelte deltakar si innskotsplikt eller plikt til andre ytingar til selskapet
- den enkelte deltakar sin eigarlut eller ansvar i selskapet

- talet på medlemmer som deltakarane oppnemner til representantskapet

§ 22 Andre reglar

Selskapsavtalen tek til å gjelde frå 1. juli 2004.

Twist om tolking av selskapsavtalen og fordeling av egedelar og gjeld i samband med oppløysing av selskapet, vert avgjort med bindande verknad etter reglane om skilddom i tvistemålslova.

Offentleghetslova gjeld for selskapet.

Denne avtalen erstattar selskapsavtale datert 30.04.2009

PS 12/23 Orienteringssak

- Orientering om selskapet og dets aktiviteter
- Utfordringer innen avfallshåndtering (klimaavtrykk m.m.)
- Orientering om Returkraft
- Eventuelt.



Kommunene i Agder

Saksbehandler, innvalgstelefon

Jostein Nordhus, 37 01 78 64

Kommunene i Agder og Agder fylkeskommune - endelig samordnet kalender for planlagte tilsyn for 2024

Viser til tidligere utsendt foreløpig kalender for planlagte kommunerettede med kommunene og Agder fylkeskommune for 2024 datert 18.desember 2022, der vi ba om eventuelle tilbakemeldinger innen 10.januar 2023.

Iht. § 30-6, 1.ledd i kommuneloven har Statsforvalteren en plikt til å samordne planlagte statlige tilsynsaktiviteter overfor kommunen og fylkeskommunen og vurdere det samlede omfanget av statlig tilsyn med den enkelte kommunen eller fylkeskommunen.

Statsforvalteren har – i samarbeid med i samarbeid med Arkivverket, Arbeidstilsynet, Kartverket, Mattilsynet, Kystverket og Direktoratet for Sivil Beredskap (DSB) – utarbeidet en endelig kalender for planlagte kommunerettede tilsyn med kommunene i Agder og Agder fylkeskommune for 2024.

Tilsynene er offentlig tilgjengelig i den nasjonale tilsynskalenderen her:

<https://tilsynskalender.statsforvalteren.no/>. Vi presiserer at hendelsesbaserte tilsyn ikke er inkludert i denne oversikten.

Etter kommuneloven § 30-7, 2.ledd skal statlige tilsynsmyndigheter i sin planlegging, prioritering og gjennomføring av tilsyn ta hensyn til det samlede statlige tilsynet med den enkelte kommunen eller fylkeskommunen og til relevante forvaltningsrevisjonsrapporter. I tilsynskalenderen er det derfor lagt til rette for at kontrollutvalgsekretariatene kan registrere inn forvaltningsrevisjoner. Disse er også tilgjengelige i Tilsynskalenderen, og oppdateres løpende.

Siden forrige utsendelse har antall planlagte kommunerettede tilsyn økt fra 65 til 86. Flere av tilsynsetatene varsler at flere tilsyn blir planlagt underveis i året. Dette skyldes blant annet at kommunal- og distriktsdepartementet i større grad enn tidligere har åpnet for at tilsynsetatene kan registrere nye tilsyn etter fristen som tidligere har vært 1.desember året før. Dermed må vi måtte ha flere runder med informasjon og eventuell dialog rundt tilsynsplaner for 2023.

I skrivende stund (1.februar 2024) er det registrert inn til sammen 83 planlagte tilsyn med kommunene i Agder og 3 med Agder fylkeskommune. Så langt er det registrert inn minst ett planlagt



tilsyn med 24 av 25 kommuner i Agder (Bygland kommune har så langt ingen planlagte tilsyn for 2024). Kommentarer til de planlagte tilsynene som ligger i nåværende plan:

Kommunene (83 tilsyn):

Statsforvalterens fagavdelinger har registrert til sammen 41 planlagte kommunerettede tilsyn/kontroller, fordelt slik:

- Miljøvernavdelingen: 15 tilsyn på fagområdene avfall og avløp
- Utdannings- og barnevernsavdelingen: 10 tilsyn på fagområdene opplæring og barnehage. Det planlegges ikke tilsyn på barnevernområdet i 2024.
- Helse- og sosialavdelingen: 8 tilsyn innen helse- og sosialtjenester. Flere tilsyn kan bli registrert senere.
- Beredskapsstaben: 6 tilsyn innenfor samfunnssikkerhet og beredskap.

I tillegg har Landbruksavdelingen registrert inn 2 landbrukskontroller, her er det varslet at det vil komme flere kontroller senere i 2024.

Andre statlige tilsynsetater har registrert til sammen 42 planlagte kommunerettede tilsyn:

- Arbeidstilsynet: 26 tilsyn med tema arbeidsmiljø/muskel- og skjelettplager, men har varslet at flere tilsyn vil bli registrert senere
- Arkivverket: 1 stedlig tilsyn med arkivholdet
- DSB: 1 tilsyn med hjemmel i produktkontrollloven
- Kartverket: 4 matrikkellovtilsyn
- Kystverket: 2 tilsyn innen havnesikring
- Mattilsynet: 8 tilsyn med tema planter ila. våren. Til høsten planlegger Mattilsynet tilsyn innen drikkevann, men tilsynsobjektene velges ut senere.

Fylkeskommunen (3 tilsyn):

- Statsforvalterens utdannings- og barnevernsavdeling (fagområde opplæring)
- Arbeidstilsynet har planlagt tilsyn innen (tema arbeidsmiljø/muskel- og skjelettplager)
- Arkivverket (tilsyn med arkivholdet)

Kommuner som ønsker en samtale med Statsforvalteren rundt prioritering og koordinering av planlagte tilsyn for 2024, kan ta kontakt med Statsforvalteren på e-post: jostein.nordhus@statsforvalteren.no.

Mer informasjon om samordning av tilsyn og om tilsynskalenderen, finner dere på våre hjemmesider under «tilsyn».

Med hilsen

Dag Petter Sødal (e.f.)
spesialrådgiver

Jostein Nordhus
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent



Mottakere:

Farsund kommune	Postboks 100	4552	FARSUND
Flekkefjord kommune	Kirkegaten 50	4400	FLEKKEFJORD
Vennesla kommune	Postboks 25	4701	VENNESLA
Åseral kommune	Gardsvegen 68	4540	ÅSERAL
Sirdal kommune	Tonstad	4440	TONSTAD
Kvinesdal kommune	Nesgata 11	4480	KVINESDAL
Hægebostad kommune	Birkeland	4595	TINGVATN
Arendal kommune	Postboks 123	4891	GRIMSTAD
Birkenes kommune	Postboks 115	4795	BIRKELAND
Bygland kommune	Kommunehuset	4745	BYGLAND
Bykle kommune	Sarvsvegen 14	4754	BYKLE
Evje og Hornnes kommune	Kasernevegen 19	4735	EVJE
Froland kommune	Frolandsveien 995	4820	FROLAND
Gjerstad kommune	Gjerstadveien 1335	4980	GJERSTAD
Grimstad kommune	Postboks 123	4891	GRIMSTAD
Iveland kommune	Frikstadveien 20	4724	IVELAND
Lillesand kommune	Postboks 23	4791	LILLESAND
Risør kommune	Postboks 158	4952	RISØR
Tvedestrand kommune	Postboks 38	4901	TVEDESTRAND
Valle kommune	Postboks 4	4746	VALLE
Vegårshei kommune	Molandsveien 11	4985	VEGÅRSHEI
Åmli kommune	Gata 5	4865	ÅMLI
Kristiansand kommune	Postboks 4	4685	NODELAND
Lindesnes kommune	Nordre Heddeland 26	4534	MARNARDAL
Lyngdal kommune	Postboks 353	4577	LYNGDAL

Fra: [Vidar H. Homme](#)
Til: [Inger Lise Austrud](#)
Emne: VS: Kommunene i Agder og Agder fylkeskommune - endelig samordnet kalender for planlagte tilsyn for 2024
Dato: lørdag 3. februar 2024 07:19:41
Vedlegg: [Kommunene i Agder og Agder fylkeskommune - endelig samordnet kalender for planlagte tilsyn for 2.pdf.PDF](#)

Aktuelt som referatsak i kontrollutvalet?

4 tilsyn i Valle kommune i 2024, jf. vedlagde brev med lenke til tilsynskalenderen:

kommune ▾						
Sist endret: 26. Jan 2024	Arbeidsmiljø	ARBEIDSTILSYNET	26.02.24	Planlegging	Ingen dokument	▾
Valle						
Sist endret: 02. Jan 2024	Arbeidsmiljø	ARBEIDSTILSYNET	27.02.24	Planlegging	Ingen dokument	▾
Valle						
Sist endret: 15. Dec 2023	Barnehage	STATSFORVALTEREN I AGDER	01.03.24-30.06.25	Planlegging	Ingen dokument	▾
Valle						
Sist endret: 05. Dec 2023	Avfall	STATSFORVALTEREN I AGDER	05.04.24-05.09.24	Planlegging	Ingen dokument	▾
Valle						

Med venleg helsing

Vidar H. Homme

kommunedirektør

M +47 90 01 82 40 | E vidar.homme@valle.kommune.no

Valle kommune Kommunehuset | PB 4 4746 Valle

E post@valle.kommune.no | +47 37 93 75 00 | www.valle.kommune.no

E-postar til og fra Valle kommune er som hovudregel journalpliktige etter arkivlova. Andre vil kunne få innsyn i dei etter reglane i offentleglova.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Sigrid U. Pedersen <sigrid.pedersen@valle.kommune.no>

Sendt: fredag 2. februar 2024 10:31

Til: Vidar H. Homme <Vidar.Homme@valle.kommune.no>

Emne: Kommunene i Agder og Agder fylkeskommune - endelig samordnet kalender for planlagte tilsyn for 2024




Statsforvalteren
i Agder

Valle kommune v/kommunedirektør Vidar Homme

5. desember 2023

Tilsyn med kommunen sitt arbeid for å sikre eit trygt og godt skolemiljø



Samandrag

Statsforvaltaren i Agder fører tilsyn med Valle kommune. Temaet for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skolen undersøker og set inn tiltak i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø eller blir krenkt av ein som arbeider på skolen.

Det overordna føremålet med dette tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket. For å kontrollere dette undersøker vi praksis ved Valle skule.

I tilsynet ser vi at tilsette ved Valle skule kjenner til og tar aktivitetsplikta på alvor, og at dei ønsker å hjelpe elevane sine på best mogleg vis. Vi vurderer at skolen gjer undersøkingar så raskt som saka tilseier, og at det er sannsynleggjort at skolen og skoleeigar ville undersøkt saka straks om det var mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenka av ein som arbeider på skolen. Skolen lager ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ein sak, og planen inneheld minimumskrav til innhald. Vi meiner at skolen/skoleeigar vurderer konkret kva for tiltak som er eigna. Vi ser at skolen set inn tiltak så raskt som saka tilseier, og at dei evaluerer tiltaka jamleg, og endrar ved behov. Skolen og skoleeigar har og sannsynleggjort at dei straks ville ha satt inn tiltak dersom det var mistanke om eller kjennskap til at ein elev har blitt krenka av ein som arbeider ved skolen, eller ein i skolen si leing.

Gjennom tilsynet fant vi at kommunen ikkje overhelder regelverket på alle kontrollområder jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5 og kommunelova § 25-1. I dei tilfelle kor vi konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, regnast det som regelverksbrot.

Vi finner ikkje at Valle kommune sikrar at:

- Skolen/skoleeigar gjennomfører dei undersøkingar som ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forventast.
- Skolen/skoleeigar dokumenterer kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta.
- Kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på at undersøkingsplikta og at dokumentasjonsplikta blir oppfylt.
- Kommunen avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta blir oppfylt.
- Kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan.
- Kommunen avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at tiltaksplikta, og kravet om å lage ein skriftleg plan blir oppfylt.

Valle kommune har fått uttale seg om førebels rapport. Vi fekk uttalen frå kommunen 1. desember 2023, kor dei bekrefta at dei ikkje hadde vidare kommentarar til rapporten.

Innhald

1.1 Kort om kommunen	4
1.3 Rettslege krav	5
1.3.1 Retten til eit trygt og godt skolemiljø	5
1.3.2 Kravet til internkontroll	6
2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	7
2.1 Undersøker skolen så raskt som saken tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?	7
2.2 Undersøker skolen/skoleeigar saken straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenka av ein som arbeider på skolen?	8
2.3 Gjennomfører skolen/skoleeigar dei undersøkingar som ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forventast?	9
2.4 Dokumenterer skolen/skoleeigar kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta?	11
2.7 Set skolen inn tiltak så raskt som saka tilseier, når en elev seier at	14
skolemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkinga viser det?	14
2.8 Set skolen/skoleeigar inn tiltak straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev har blitt krenka av ein som arbeider på skolen, eller ein i skolens leiding?	15
2.9 Vurderer skolen/skoleeigar konkret kva for tiltak som er eigna?	16
2.10 Evaluerer skolen/skoleeigar tiltaka jamleg, og blir tiltaka endra ved behov?	17
2.11 Lager skolen/ skoleeigar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ein sak, og inneheld den skriftlege planen minimumskrav til innhald?	18
2.12 Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan?	19
2.13 Avdekker og følgjer kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt?	19
3 Våre reaksjonar	19
3.1 Pålegg om å rette forholda	19
3.2 Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta	20

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30. I tilsyn kontrollerer vi om kommunane oppfyller opplæringslova med forskrifter. Vi kan òg føre tilsyn med kommunen si plikt til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1.

Om skolen/kommunen ikkje følgjer regelverket kan vi påleggje retting. Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at kravet i opplæringslova blir overhaldt¹. Vi gjer difor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skolen retter opp brot på regelverket.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentlegheitslova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Valle kommune er ein innlandskommune i Agder. Valle ligg i Setesdal, grenser til Bygland i sør, Bykle i nord og Sirdal i vest. I nord og aust grensar Valle til Vestfold og Telemark fylke og kommunane Tokke og Fyresdal. Valle kommune sitt innbyggjartal pr. andre kvartal i 2023 er 1201².

I kommunen er det to kommunale barnehagar, Valle barnehage og Hylestad barnehage. Kommunen har ein kommunal grunnskole, Valle skule, med elevar frå fyste til tiande årstrinn. I følgje Utdanningsdirektoratets GSI tal er det om lag 113 elevar i grunnskolen i Valle kommune.

1.2 Om gjennomføring og tema for tilsynet

Vi opna tilsyn med Valle kommune i brev av 21. mars 2023. De blei pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

17. april hadde vi eit digitalt formøte med kommunedirektør, skoleeigar og rektor ved Valle skule. I formøtet ble temaet for tilsynet presentert, relevant regelverk ble gjennomgått og informasjon ble gitt om gangen vidare i tilsynet.

25. og 26. mai hadde vi samtalar og intervjuar i Valle med fagarbeidar, lærarar, representant frå miljøteam og SFO, rektor ved Valle skule og andre ressurspersonar ved skolen, skolefagleg rådgjevar samt kommunedirektør. Vi har også hatt samtale med enkelte elevar og føresette ved skolen.

Tema for tilsynet er om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skolen og skoleeigar oppfyller plikta til å undersøkje og setje inn tiltak der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skolen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1.

Vi har ikkje sett på korleis kommunen oppfyller andre krav i regelverket.

I denne rapporten presenterer vi våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.

¹ Jf. oppl. § 13-10

² Jf. [Kommunefakta - SSB](#)

1.3 Rettslege krav

1.3.1 Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar i grunnskolen og i vidaregåande opplæring har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova §§ 9 A-1 og 9 A-2. Retten er individuell, og det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om skolemiljøet er trygt og godt.

For å sikre retten til eit trygt og godt skolemiljø, har skolen ei aktivitetsplikt etter opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5. Aktivitetsplikta inneheld fem delplikter, som er plikta til å følgje med, gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak. I dette tilsynet skal vi undersøkje om kommunen gjennom sin internkontroll sikrar at skolen og skoleeigar undersøker og set inn tiltak dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skolen. Vidare kontrollerer vi om kommunen sikrar at saka blir undersøkt ved mistanke om eller kjennskap til at det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga.

I tilsynet er det eit gjennomgåande tema om skolen og skoleeigar har vurdert omsynet til barnet sitt beste. Skolen skal vidare sørgje for at involverte elevar blir høyrde.

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle delplikta i aktivitetsplikta. Dette er òg eit gjennomgåande tema i tilsynet. I tillegg må skolen eller skoleeigar lage ein skriftleg plan når det blir sett inn tiltak i ei sak.

For at aktivitetsplikta skal vere oppfylt, må skolen gjere det som det er rimeleg å forvente gjennom heile saksforløpet.

Plikta til å undersøkje saka

Skolen skal snarast undersøkje saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova § 9 A-4 tredje ledd. Dersom saka gjeld krenking frå ein som arbeider på skolen, skal undersøkingane bli sette i verk straks, jf. opplæringslova § 9 A-5. Kven på skolen som skal undersøkje saka på vegne av skolen, må skolen fastsetje konkret. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigar sørgje for at undersøkingane blir sette i gang straks, jf. opplæringslova § 9 A-5.

Undersøkinga skal ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva for forhold i omgjevnadene til eleven som påverkar korleis eleven opplever skolemiljøet. Skolen skal gjere dei undersøkingane som etter ein fagleg standard er rimeleg å forvente i den enkelte saka. For å kunne setje inn tiltak til barnet sitt beste i ein konkret situasjon, må skolen gjere nødvendige undersøkingar.

Alle barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei, jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 12. Eleven har rett til å bli høyrd i skolemiljø saker, jf. opplæringslova § 9 A-4 femte ledd. Skolen og skoleeigar må oppfylle elevane sin rett til å bli høyrde for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette omfattar ikkje berre den eleven som skolen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, men òg andre elevar som er direkte påverka eller involverte i saka.

Kor raskt ein skal undersøkje saka, må vurderast opp mot kva som etter ei fagleg vurdering er rimeleg å forvente. Her er omsynet til barnet sitt beste eit viktig moment. Når det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skolen, krenker, blir det stilt særleg skjerpa krav til framdrift i saka. Skolen og skoleeigar må undersøkje effektivt og så raskt som mogleg.

Plikta til å setje inn tiltak

Tiltak etter § 9 A-4

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkingar viser dette, skal skolen så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får det trygt og godt igjen.

Kva for tiltak som er eigna, grunnar seg på faglege og konkrete vurderingar. Kva barnet meiner og omsynet til barnet sitt beste er viktige moment i denne vurderinga. Kva for tiltak som er eigna, må ein vurdere konkret, men kan vere retta både mot individnivå, gruppenivå og systemnivå.

Samla sett skal skolen gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å forvente i den enkelte saka.

Kor raskt skolen må setje inn tiltak, må ein vurdere konkret i den enkelte saka. Barnet sitt beste vil vere eit grunnleggjande omsyn i denne vurderinga.

Plikta til å setje inn tiltak kviler på skolen. Kva for tiltak som faktisk skal gjennomføre eit tiltak i ei sak, må skolen fastsetje konkret.

Tiltak etter § 9 A-5

Dersom det er ein som arbeider på skolen som står bak krenkingane, skal tiltak bli sette i verk straks.

Dersom det er ein i leinga ved skolen som står bak krenkinga, er det skoleeigar som har ansvaret for at det blir sett inn tiltak straks.

Dokumentasjonskrav

Skolen skal lage ein skriftleg plan når dei set i verk tiltak i ei sak. Dette følgjer av § 9 A-4 sjuande ledd. I planen skal det stå kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak skolen har planlagt, når ein skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka, og når ein skal evaluere tiltaka.

1.3.2 Kravet til internkontroll

Kommunen skal ha internkontroll med verksemda til administrasjonen for å sikre at lover og forskrifter bli følgde, jf. kommunelova § 25-1 første ledd. Kravet er eit viktig element i kommunen si leiing og styring. Kommunedirektøren har ansvar for at kravet til internkontroll blir oppfylt, men kan delegere oppgåver knytt til internkontrollen. Kommunedirektøren er likevel ansvarleg og må følgje opp at oppgåvene blir ivaretekne.

Kommunen skal gjennomføre risikovurderingar for å tilpasse omfanget av internkontrollen til dei områda der risikoen og behovet er størst. Område med stor risiko for regelverksbrot vil ofte krevje betre styring og kontroll gjennom fleire tiltak, som for eksempel meir standardisering og tettare oppfølging, enn område der det sjeldan sviktar.

Krava til innhaldet i internkontrollen som går fram av § 25-1 tredje ledd bokstavane a-e, må sjåast i samanheng med første og andre ledd.

Kommunen skal omtale hovudoppgåver, mål og organisering, og gi oversikt over korleis dei har fordelt oppgåver og myndigheit. Ut frå risikoen skal kommunen vurdere kva for rutinar og prosedyrar som er nødvendige, og i kva for grad dei skal vere skriftlege. Kommunen skal gjere rutinane kjende og tilgjengelege for dei som treng å vite om dei. Kommunen må jamleg skaffe seg oversikt over område med risiko for avvik og setje inn tiltak for å førebyggje og hindre regelverksbrot. Kommunen må ha klare rapporteringslinjer, vurdere kva for område dei skal

følgje med på, og korleis dei skal innhente informasjon eller bli informerte av skolen. Kommunen må handtere avvik på ein måte som sørgjer for at regelverksbrot både blir rapporterte og følgde opp. Kommunen skal dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig. Dette må dei avgjere ut frå risikobiletet og formålet med internkontrollen. Kommunen skal halde seg jamleg orientert om tilstanden i skolen, evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

I tilsynet undersøker vi om kommunen sin internkontroll er tilpassa for å kunne førebyggje og hindre regelverksbrot etter § 25-1, og korleis leiinga følgjer opp og kontrollerer arbeidet med skolemiljøet. Kommunen må kunne gjere greie for korleis dei oppfyller kravet til internkontroll.

2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

2.1 Undersøker skolen så raskt som saken tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøke saka.³ Kor raskt saka skal undersøkast, må vurderast opp mot kva som etter ein fagleg standard med rimelegheit kan forventast.⁴ Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggande omsyn i denne vurderinga.

Våre observasjonar

På kommunens heimeside finn vi informasjon om tilsystemaet med hovudoverskrift *Skolemiljø*, med fleire underfaner, bl.a. om skolens aktivitetsplikt kor overskrifta er §9a-3 *Aktivitetsplikta*. Om plikta til å undersøke står det at *alle tilsette: Ved mistanke skal skolen snarast undersøkje saka*. Videre står det at: *Skolen skal sørgje for at alle partar blir høyrd*.

Gjennom intervju får vi kjennskap til at det er diskutert tidsramme for undersøkinga i personalet, og at dei som regel observerer i ei veke om det ikkje er svært akutt. Om ein ikkje har grunnlag for å konkludere på kva for tiltak som er egna, utvidast undersøkingssfasa. Undersøkingane vurderast og fortløpande gjennom «9-A møta» og i samråd med elev og føresette.

I prosedyrar for *undersøking/kartlegging elevmiljø-klassestrivsel* står det om tidsaspektet, ved at mindre alvorlege saker kan vente til neste «9-A møte». Slik vi har fått opplyst, gjennomførast «9Amøta» kvar veke småskolen, mellomtrinn og ungdomstrinn. På møta med tilsette i småskolen er og SFO-leiar til stades. Møta skal vere ein arena kor relevante tilsette kan ta opp, drøfte og informerast om saker kring elevanes skolemiljø. Overordna ansvar ligg på rektor, men kontaktlærarane med støtte i fagleiarane og miljørettleiaren har ansvar for å følgje opp bekymring kring sine elevar. Prosedyren byggjer på lovteksten etter § 9 A-4, tredje ledd.

Våre vurderingar

Gjennom intervju med skolens tilsette vurderer vi at dei har ein bevisst haldning til å vurdere om saka hastar eller om ho kan vente til neste «9A-møte». I dokumentasjonen og gjennom intervju ser vi at perioden ein undersøker, i utgangspunktet varer ei veke. I saker som er meir komplekse og ein ikkje har grunnlag for å konkludere om ein skal opprette aktivitetsplan vurderer vi at dei tilsette er kjent med at dei då kan utvide undersøkingssfasa.

³ Jf. oppl. § 9A-4 tredje ledd

⁴ Jf. Prop. 57 L (2016-2017) punkt 5.5.5.

Gjennom det dei tilsette fortel gjennom intervju, er skolen raske med å starte undersøkingar, og vi får inntrykk av at dei meist brukte metodane er samtalar og observasjonar. Dei jamlege «9Amøta» synast for oss å vere godt innarbeida og ønskelege i personalet, og desse møta kjem fram å vere viktige i arbeidet med å planleggje og avklare undersøkingar.

I intervju med føresette og elevar på Valle skule, er inntrykket vårt og her at skolen undersøker saka så raskt som saka tilseier.

Statsforvaltaren har generelt fått lite dokumentasjon på kva for undersøkingar som er gjort i sakane vi har mottatt, og når desse er gjennomført. Vi ser likevel av aktivitetsplanane at tida mellom varsling og i gangsetjing av tiltak er kort, og vi vurderer dermed at undersøkingane må ha starta tidleg etter varsling.

Konklusjon

Statsforvaltaren konkluderer med at skolen undersøker så raskt som saka tilseier.

2.2 Undersøker skolen/skoleeigar saken straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenka av ein som arbeider på skolen?

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skolen krenker ein elev, skal undersøkingar settast i verk straks.⁵ Kven på skolen som skal undersøke saka på vegne av skolen, må skolen fastsette konkret. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigar sørge for at undersøkingane blir satt i gang straks.⁶ Også her skal barnet sitt beste vere eit grunnleggande omsyn.

Våre observasjonar

Kommunen har rutinar som gjeld om ein elev blir krenka av ein som arbeider på skolen. Vi har fått tilsendt to ulike rutinar som gjeld undersøking av sak etter oppl. § 9 A-5 når ein i skoleleiinga eller ein anna tilsett krenker ein elev. Desse er henta frå Compilo, og ansvaret for undersøkinga tilleggas til kommunedirektør og skolefagleg ansvarleg om det er ein i leiinga som har krenka ein elev. Rektor har ansvaret i saker kor ein tilsett krenker ein elev. I rutinane står det at saka skal undersøkast straks. Vi har også fått tilsendt prosedyre etter § 9 A-5 som omhandlar skjerpet aktivitetsplikt dersom ein på skolen krenkjer ein elev. Inga av desse tre rutinane har vore utprøvd grunna fråvær av saker som omhandlar oppl. § 9 A-5.

Valle kommune er ikkje kjent med at det har vore saker kor elevar har vore krenka av ein som arbeider på skolen eller ein i leiinga. Statsforvaltaren har ikkje fått tilsendt skolemiljøsaker som gjeld § 9A-5. Kommunen informerer om at slike saker ikkje har vært oppretta i Valle kommune.

Våre vurderingar

Utdanningsdirektoratet skriv i si rettleiing til dette felles nasjonale tilsynet at det da må undersøkast om dei tilsette er kjent med kva de skal gjere om ein slik situasjon skulle oppstå.

Gjennom intervju og innsendt dokumentasjon ser vi at dei tilsette er medvetne om at dei skal melde saka direkte til rektor eller skoleeigar om det er ein tilsett eller rektor som er årsaka til at ein elev kjenner seg utrygg på skolen. Vi vurderer ut i frå dokumentasjon og intervju at dei tilsette, rektor og skoleeigar kjenner til regelverket.

⁵ Jf. oppl. § 9A-5

⁶ Jf. oppl. § 9A-5

Som nemnt har det ikkje vært skolemiljøsaker som gjeld § 9A-5 i Valle kommune. Tidsaspektet omtales i rutine og framstår kjend for dei tilsette.

Konklusjon

Det er sannsynleggjort at skolen og skoleeigar undersøker saka straks om det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenka av ein som arbeider på skolen.

2.3 Gjennomfører skolen/skoleeigar dei undersøkingar som ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forventast?

Når undersøkingsplikta utløysast, skal skolen/skoleeigar gjennomføre nødvendige undersøkingar. Skolen skal gjere dei undersøkingane som etter ein fagleg standard er rimeleg å forvente i den enkelte saka. For å kunne sette inn eigna tiltak til barnet sitt beste i ein konkret situasjon, må skolen gjere nødvendige undersøkingar. Undersøkingane må ha som formål å få frem fakta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving og kva for forhold i elevens omgivnad som påverkar korleis dei opplever skolemiljøet.⁷

Alle barn har rett til å bli høyrte i saker som gjeld dei.⁸ Eleven har rett til å bli høyrte i skolemiljøsaker. ⁹Skolen og skoleeigar må oppfylle elevane si rett til å bli høyrte for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette omfattar ikkje berre den eleven som skolen mistenker eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, men også andre elevar som er direkte påverka eller involvert i saka.

Våre observasjonar

Valle kommune har sendt inn prosedyrar for *undersøking/kartlegging elevmiljø-klassetrivsel*. Her står det blant anna at det er viktig at det blir gjennomført gode nok undersøkingar. Det ligg forslag til ulike undersøkingar som ein kan nytte. I mal for *journal elevsamtale §9a-4-undersøkingsplikta* er det som rettleiing lista opp at *undersøking kan vere: observasjon, samtalar med dei som er involvert eller veit noko om saka, ikkje anonyme undersøkingar, kartleggingsverktøy eller sosiogram*.

Vidare har vi fått malane *journal elevsamtale §9a-4-undersøkingsplikta, §9a-4-undersøking foreldresamtale om skolemiljø og observasjonsnotat*. Vi har ikkje sett desse malane brukt i innsendte saker.

I intervju og gjennom dokumentasjonen vert det og trekt fram at skolen nyttar seg av trivselsundersøkingar. Vi har fått tilsendt eit utsnitt av klassetrivselundersøkinga i 1. klasse februar 2023.

På skolen har dei slik tidlegare nemnt, eit møte i veka kor saker som omhandlar elevanes skolemiljø blir drøfta. Det er trinnleiarane som leiar desse møta. SFO har møte kvar veke i tillegg til «9-A møta» på skolen. Gjennom intervju framkommer det at skolen har hatt «9-A møta» i minst fem år.

⁷ Jf. Prop. 57L (2016-2017) punkt 5.5.2.4

⁸ Jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 12

⁹ Jf. oppl. § 9A-4 femte ledd

Skolen har sendt inn *mal referat §9a aktivitetsplikta* som viser rutinar for fasar i arbeidet med oppfyljing av aktivitetsplikta. Referatmal nyttast i møte kor det planleggjast og drøftast aktuelle observasjonar av elevar og situasjonar. Det føreligg eksempel på fleire møterefereat.

Det kjem fram i intervjuet at det er fagleiar og kontaktlærer som har hovudansvar for analyse av resultatane etter undersøkingar, og rektor etterspør. Det kjem ikkje fram at skoleeigar er aktiv i dette arbeidet og det kjem fram i intervjuet at dei tilsette ikkje er kjent med at det er lagt føringar frå skoleeigar kva for undersøkingar skolen skal gjere.

Vi spurde om dokumentasjon frå dei ti siste skolemiljøsakene til skolen. Det føreligg lite dokumentasjon på undersøkingar i samband med desse sakene. I aktivitetsplanane finnes det eit punkt som heiter *kva meiner eleven*. Her vises det ofte til samtalar med eleven som aktivitetsplanen gjeld for, og føresette til eleven. Det føreligg ikkje anna dokumentasjon på undersøkingar. I dokumentasjonen frå skolen ligg rutine for *saksgong §9a-skolemiljø* kor det kjem fram kva dei tilsette skal gjere for å følgje dei fem delpliktane. Her finn vi prosedyre for undersøking, blant anna står det at *undersøkingssplikta ALLTID startar med elevsamtale*.

Våre vurderingar

Gjennom intervjuet kjem det ikkje fram at tilsette har eit forhold til prosedyre §9a-4, *undersøking/kartlegging elevmiljø – klassetrivsel*, og vi finn ikkje spor etter prosedyrane i dei konkrete sakene kommunen har sendt til oss. Det er mest samtalar og observasjonar som er nytta i undersøkingsfasa. I prosedyre §9a-4, *undersøking/kartlegging elevmiljø – klassetrivsel* ser vi døme på undersøkingar ein kan nytte. I intervjuet kjem det ikkje fram at tilsette kjenner til eller nyttar desse i undersøkingsfasa. Dokumentasjonen viser berre samtalar med antatt krenka elev og hans eller hennar føresette.

Trivselsundersøkinga er jamleg gjennomført, men vi kan ikkje sjå kva resultatane vert tatt i bruk til. Vi kan ikkje sjå at skolen eller kommunen legg denne undersøkinga til grunn for vidare undersøkingar eller tiltak. Vidare ser vi heller ikkje at skoleeigar har følgt opp eller innhenta resultatane frå undersøkingane.

Gjennom intervjuet får Statsforvaltaren inntrykk av at dei tilsette på skolen veit kva dei skal gjere om dei mistenker at ein elev ikkje har det trygt og godt på skolen. Dette gjeld både om årsaka er elev(ar) eller tilsette/leiinga på skolen. I intervjuet kjem det fram at dei tilsette i skolen nyttar 9Amøta og samtalar med kollegaer og rektor for å drøfte aktuelle undersøkingar og observasjonar i den enkelte sak. I dei tilsendte sakene synast det at skolen gjennom sine undersøkingar sjølv opplever å ha eit oversiktleg totalbilde av situasjonen.

Skolen skal sjå elevanes skolemiljø i ein heilheit, og det kan derfor og vere aktuelt å undersøke bakanforliggende faktorar som gruppedynamikk og kultur på system-, gruppe- eller individnivå. Dette er ikkje dokumentert tilstrekkeleg i praksis. Det er ikkje dokumentert korleis skolen samanstillar og analyserer funn i undersøkingane deira, for å sette inn riktige og tilstrekkelege tiltak. I elevsakene er det få eksempel på at skolen går breiare ut i undersøkingane deira og undersøker miljøet rundt eleven.

Det kjem ikkje fram gjennom dokumentasjon og intervju at skoleeigar er aktiv i dette arbeidet. Det tilsette er heller ikkje kjende med at det er lagt føringar frå skoleeigar om føringar for undersøkingar som skal nyttast.

Konklusjon

Skolen/skoleeigar gjennomfører ikkje dei undersøkingar som ut frå ein fagleg standard med rimelegheit kan forventast.

2.4 Dokumenterer skolen/skoleeigar kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta?

Skolen og skoleeigar har plikt til å dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å undersøke.¹⁰ Opplæringslova stiller ikkje formkrav til dokumentasjonen, utover at den må være skriftleg og finnes på et slikt format at den kan tas ut og overleverast til statsforvaltaren dersom det skulle være aktuelt i tilsyn eller i en sak i handhevsingsordninga. Kva som dokumenterast og korleis må tilpassast den enkelte verksemd og ikkje minst etter kva som er formålet med dokumentasjonen.¹¹

Våre observasjonar

Gjennom dokumentasjon og intervju blir vi informert om at varslingar og undersøkingar arkiverast i Visma Flyt. Dersom sak opprettast leggjast dokumentasjon i Visma Sikker Sak.

Kommunen er i ein omstillingsfase når det gjeld IKT-system og arkiveringssystem. Vi får vite at Valle kommune og skolen skal over til IKT-Agder, og at Compilo er tatt i bruk som internkontrollsystem. Moava.no er og nytta som internkontrollsystem, men skal fasast ut og erstattast av Compilo. I skolen har dei nytta Teams tidlegare, men er nå over til Visma. Dei nyttar Visma Flyt og Visma Sikker Sak.

I sakene vi har fått tilsendt ser vi i liten grad dokumentasjon på undersøkingane som er gjennomført i den enkelte sak. Av dokumentasjon har vi fått nokre få referat av elevsamtalar og utdrag frå trivselsundersøking 1. trinn.

Våre vurderingar

Undersøkingane som er gjort i skolemiljøsaker, skal i neste omgang brukast til å vurdere kva for tiltak skolen/skoleeigar skal setje inn for eleven det gjeld. Skolen må difor samanstelle og vurdere den informasjonen som er innhenta, slik at dei set inn eigna tiltak til eleven sitt beste.

Statsforvaltaren vurderer at det i sakane vi har fått tilsendt i liten grad er dokumentert innhaldet i dei undersøkingar som er gjort. Kommunen synleggjer ikkje at skolen/skoleeigar gjennomfører slike analyser av undersøkingar slik at dei har ein fagleg bakgrunn for ein eventuell aktivitetsplan med dertil eigna og tilstrekkelege tiltak.

Ny struktur på arkivering bør gjere arbeidet med å strukturere dokumentering av undersøkingar og anna dokumentasjon i saker betre. Tilgang til dei ulike systema er og relevant, då skolefagleg rådgivar per i dag ikkje har tilgang til Visma-systema dei nyttar i skolen.

Skolens malar for undersøkingar og observasjonar samt andre lister for forslag til undersøkingar nyttast ikkje i tilstrekkeleg grad slik vi får det presentert. I sakane frå skolen ser vi at det blir gjort nokre notat, men det kjem fram få samtalereferat, observasjonar og andre undersøkingar. Her kjem ikkje fram at skolen/ skoleeigar sannsynleggjer at dei dokumenterer etter lovens krav.

Då det ikkje er oppretta saker som omhandlar § 9A-5, har vi ikkje sett dokumentasjon på undersøkingar i slike saker.

¹⁰ Jf. oppl. § 9 A-4 sjuande ledd.

¹¹ Jf. Prop.57 L (2016–2017) punkt 5.5.7.3.

Konklusjon

Skolen/skoleeigar dokumenterer ikkje kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta.

2.5 Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt?

2.6 Avdekker og følger kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt?

Kommunelova § 25-1: Kommunar og fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonen si verksemd for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarleg for internkontrollen.

Internkontrollen skal vere systematisk og tilpassast verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren

- a. utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering*
- b. ha nødvendige rutiner og prosedyrer*
- c. avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik*
- d. dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig*
- e. evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.*

Våre observasjonar

Vi har mottatt svar på spørsmåla i RefLex frå skoleeigar. Det svarast bekreftande, og med utfyllande svar på alle kontrollspørsmåla i RefLex om undersøkingsplikta.

Det er kommunedirektøren som har ansvar for at kravet til internkontroll blir oppfylt, men kan delegerere oppgåver. Valle kommune har eit delegeringsreglement, kor både skolefagleg rådgivar og rektor er tillagt ansvar. Mange av oppgåvene som er knyta til undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta er lagt til rektor. Kommunedirektøren er likevel ansvarleg og må følge opp at oppgåvene er ivaretatt.

Kommunen har sendt inn dokument som omhandlar delegering av myndigheit. Valle kommune er organisert slik at kommunedirektøren er øvste administrative leiar. Valle kommune har ein eigen skolefagleg rådgjevar som også er barnehagemyndigheit. Valle skole si leiing består av rektor. Etter organisasjonskartet rapporterer både rektor og skolefagleg rådgivar til kommunedirektøren. Organisasjonskartet viser inga direkte line mellom rektor og skolefagleg rådgivar.

I dokumentasjonen frå skoleeigar står det at følgande risikovurdering er gjort:

Kommunen har ein skole med 113 elevar pr. 1. okt. 2022. Ved skolen er det ein person, som er rektor, i skoleleiinga. Dette inneber ein risiko for at saker knytt til § 9 A-5 kan vere vanskelege å arbeide med og derfor ikkje vert undersøkt. Kommunen arbeider derfor kontinuerleg for at det skal vere kultur for at ting vert tatt opp.

Kommunen skal holde seg jamleg orientert om tilstanden i skolen, evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

Valle kommune nyttar Compilo som sitt internkontrollsystem. Når dokument opprettast her, må ein leggje inn tid for revisjon. Det må gjerast minimum kvart år.

Valle kommune nyttar også moava.no som sitt internkontrollsystem for grunnskole. Her er det lagt inn gjeremål der ansvarleg for gjeremål kvitterer for at dei har utført gjeremåla, og eventuell dokumentasjon lastas opp her. Det er gjeremål for årleg gjennomgang av kapittel 9 A og skolen sine rutinar kring dette. Kommunen er nå i ferd med å samle all internkontroll i Compilo, og moava.no fasast ut.

Det er utarbeid eigen oversikt over samarbeidsarenaer for skole og skolefagleg ansvarleg i Valle kommune. Vi har fått oversikt og referat frå fleire av desse møta. Rektor og skolefagleg ansvarleg har i følge oversikt vi har fått, møte kvar 4. veke, og kommunedirektør har møte med si leiargruppe kor blant anna eining for skole og vaksenopplæring deltek. Det er også faste møter i Oppvekst Valle kor alle leiarar på oppvekstfeltet, NAV, skolefagleg ansvarleg og kommunedirektør deltek. I Nettverk Setesdal Oppvekst møtast alle skolefagleg ansvarlege/rådgjevarar i region Setesdal fleire gonger i året. Det er og eigne møte kvart skoleår mellom alle ungdomsskolerektorarar og skolefagleg ansvarlege/rådgjevarar i region Setesdal. To gonger kvart skoleår er det og møte mellom alle rektorar og skolefagleg ansvarlege/rådgjevarar i region Setesdal. Dei har og ei fagsamling/skoleleiarsamling i året.

Vi har gjennom intervju fått vite at det arbeidast med eit årshjul for risikovurderingar og kommunens oppfølging av skolen. I det planlagde årshjulet ligg blant anna plan frå kommunen om at skolemiljø skal vere tema i april og at handlingsplanen for eit trygt og godt skolemiljø er under revidering.

Skolen har i vår tilsett ein miljørettleiar som blant anna får i oppgåve å arbeide med skolemiljøsaker. Miljørettleiar skal være lenka til leiarteamet på skolen og ikkje være knyta til enkelte klassar. Arbeid med aktivitetsplanar skal delegerast til miljørettleiar og aktuell kontaktlærar. Skolens trivselsteam arbeidar i det daglege med trivselstiltak og førebygging og eit trygt og godt skolemiljø for alle elevar på Valle skule.

Kommunen har også eit tverrfagleg miljøteam som kan nyttast i saker om elevens skolemiljø kor det blant anna er behov for ulik kompetanse og innfallsvinklar. Teamet består av blant anna PPT, spesialpedagog, miljørettleiar, NAV, representant for helse og barnevern.

Vi har mottatt varslingsrutinar om kritikkverdige forhold i kommunen. I desse varslingsrutinane går det fram at desse skal bidra til et godt og konstruktivt yringsklima der arbeidstakarane kan si ifrå om kritikkverdige forhold utan å risikere noko form for straff eller negative reaksjon og viser til arbeidsmiljøloven § 2 A-1 (2). Disse framsetjast som ein generell rutine for varsling frå arbeidstakarane i kommunen, og er ikkje knyta til kommunens internkontroll med tilsynstemaet. Vi vil derfor ikkje desse rutinane vidare.

Våre vurderingar

Kommunen skal gjere risikovurderingar, og må skaffe seg god oversikt over kor det kan svikte på deira skole. Kommunen skal og tilpasse omfanget av internkontrollen til dei områda kor risikoen og behovet er størst. Dette skal dokumenterast i den forma og omfang som er nødvendig. Vi ser at kommunen har avdekkja risiko i samanheng med undersøkingar i potensielle 9A-5saker. Vi kan ikkje sjå korleis identifisert risiko er følgt opp gjennom dokumentasjonen anna enn at det er utarbeida prosedyrar for undersøkingar om ein tilsett eller ein i skoleleiinga krenker ein elev. I intervju kjem det fram at ein av desse to prosedyrane er laga etter tilsyn vert meldt frå Statsforvaltaren. Vårt inntrykk er at desse rutinane ikkje er implementert hos dei tilsette i skolen.

Dokumentasjonen viser at skolefagleg rådgivar har møte med rektor månadleg, men seier i intervju at fleire av møta har falt bort. Malar, oppretting av miljøteam, miljørettleiar er alle tiltak rektor har igangsett, og følger opp.

Vi kan ikkje sjå at det har vore utført systematisert oppfølging av skolen på tilsynstidspunkt, til tross for at kommunen og skolen totalt sett har mange møtepunkt. Vi ser at kommunen er i gang med å utvikle prosedyrar på dette blant anna i form av eit årshjul.

Kommunen må ha klare rapporteringslinjer, vurdere kva for område dei skal følge med på, og korleis dei skal innhente informasjon eller bli informert av skolen. Plassering av ansvar for oppgåver, og formaliserte rutinar er ikkje nok for å sikre regeletterleving. Kommunen må jamleg følge med for å avdekke om de tilsette på skolen oppfyller delplikta i aktivitetsplikta. Vi kan ikkje sjå at kommunen sikrar seg nødvendig informasjon gjennom til dømes intern rapportering, og ved å etterspørje og gjennomgå avvik.

Konklusjon

Kommunen har ikkje dokumentert at dei har tilpassa internkontroll for å hindre eller førebyggje brot på tiltaksplikta. Kommunen avdekkar ikkje og følger ikkje opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebygge risikoen for at tiltaksplikta overhaldast. Skolen sikrar plikta til å sette inn tiltak i skolemiljøsaker, men kommunen viser ikkje at dei sikrar det.

2.7 Set skolen inn tiltak så raskt som saka tilseier, når en elev seier at

skolemiljøet ikkje er trygt og godt, eller undersøkinga viser det?

Plikta til å setje inn tiltak utløysast når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, eller om undersøkingar skolen har utført på eget initiativ viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.¹² Kor raskt skolen må setje inn tiltak, må vurderast konkret i den enkelte saka. Barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn i denne vurderinga.

Våre observasjonar

Av innsendte aktivitetsplanar frå skoleåra 2020/2021, 2021/2022 og 2022/2023 ser vi at skolen set inn tiltak raskt etter saka er varsla til skolen. Tidspunkt for iverksetting av tiltaka i den enkelte sak varierer. Nokre tiltak setjast i gong kort tid etter varsling, medan andre tiltak setjast inn etter noko meir tid.

Det kjem fram gjennom intervjuet at dei tilsette er bevisste på å setje inn tiltak raskt etter undersøkingar. I intervjuet fortel skolen at dei i utgangspunktet observerer elevar og undersøker saka i om lag ei veke for å ha grunnlag for tiltak. Av innsendte aktivitetsplanar kan vi sjå at det og vert sett inn tiltak før det har gått ei veke.

Våre vurderingar

Vi opplev at skolen er rask i både undersøking- og tiltaksfasa, men dei tilpassar òg kor raskt tiltaka setjast i gang. Undersøkingfasa er utgangspunktet, og legg grunnlaget for kor raskt dei set inn tiltak når det er behov for det. Vi vurderer at skolen veit at ein skal setje inn tiltak så raskt som saka tilseier og vi ser dette i samanheng med 9A-møta kor det vurderast om igangsetjing av tiltak hastar eller kan vente til nærmare undersøkingar er føretatt og drøfta.

¹² Jf. Prop.57 L (2016–2017) punkt 5.5.2.5.

Føresette til elevar med aktivitetsplan, som vi har snakka med, er nøgde med kor raskt skolen set inn tiltak for deira barn.

Konklusjon

Vi ser at skolen set inn tiltak så raskt som saka tilseier.

2.8 Set skolen/skoleeigar inn tiltak straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev har blitt krenka av ein som arbeider på skolen, eller ein i skolens leiinga?

Dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev har blitt krenka av ein som arbeider på skolen eller ein i skolen si leiinga, skal tiltak settast i verk straks.¹³ Om det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkelsen, er det skoleeigar som har ansvaret for at skolen setter inn tiltak straks.

Våre observasjonar

Vi har fått tilsendt to ulike rutinar som gjeld aktivitetsplikta etter oppll. § 9 A-5. Under overskrift *Omfang/Virkeområde* refererast det til *med utgangspunkt i § 9A-5 tredje setning jf.9A-4 4.-7.ledd*. Dette visar til *når ein i leiinga står bak krenkinga*. Ei av rutinane omhandlar tiltaksplikta, og er henta frå Compilo. Overordna ansvar er definert til kommunedirektør, og det står at kommunedirektør følger opp rektor som personalsak i slike saker. Den andre rutina tildeler ansvar til rektor dersom det er ein anna tilsett som krenkjer ein elev.

I rutine om krenking frå skoleleiinga står det at det *etter gode nok undersøkingar er gjennomført så raskt som mogleg, vurderer kommunedirektør og skolefagleg ansvarleg om det skal setjast i gong tiltak*. Det er rutinar for vidare saksang og det er kommunedirektør eller skolefagleg ansvarleg som avgjer om og eventuelt kva for tiltak som skal settast i gang. Vidare ligg rutinar for prosedyrar for innkalling til møte, og evaluering av aktivitetsplan etter 14 dagar.

Det føreligg ikkje dokumentasjon frå saker om krenking frå leiinga, eller andre tilsette på skolen. Kommunen informerer om at slike saker ikkje har vært oppretta i Valle kommune. I intervju kjem det frem at dei tilsette, rektor og kommunen er kjende med den skjerpa aktivitetsplikta som følger av oppll. § 9A-5.

Våre vurderingar

Vi vurderer at den skjerpa aktivitetsplikta om det er mistanke om eller kjennskap til at en elev har blitt krenka av ein som arbeider på skolen, eller ein i leiinga ved skolen, er gjort kjent for dei tilsette.

Da det ikkje har vore oppretta saker etter oppll. § 9A-5, kan vi ikkje med sikkerheit vurdere om skolen/kommunen i praksis ville ha sett inn tiltak straks om ein elev har blitt krenka av ein som arbeider på skolen, eller ein i leiinga. Vi vurderer likevel at kommunen har sannsynleggjort gjennom dokumentasjonen at det er tydelege nok rutinar som omhandlar *tiltaksplikta* i saker etter oppll. § 9 A-5. I kommunens risikovurdering les vi at det er avdekka at *saker knytt til § 9A-5 kan vere vanskelege å arbeide med og derfor ikkje vert undersøkt*. Kommunen skriv at kommunen derfor arbeider kontinuerleg for at det skal vere kultur for at ting vert tatt opp.

Vi vurderer at rektor og skoleeigar er kjende med at det skal setjast inn tiltak strakst om det oppstår mistanke om at ein tilsett eller ein i leiinga ved skolen krenker. På bakgrunn av dette vurderer vi at det er sannsynleggjort at skolen set inn tiltak straks i ein sak etter oppll. § 9A-5.

¹³ Jf. oppll. § 9 A-5.

Konklusjon

Skolen/skoleeigar set inn tiltak straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev har blitt krenka av ein som arbeider på skolen, eller ein i skolens leing.

2.9 Vurderer skolen/skoleeigar konkret kva for tiltak som er eigna?

Val av tiltak må tilpassast den enkelte sak, og basere seg på konkrete og faglege skjønnsvurderingar. Tiltaka kan vere retta både mot individnivå, gruppenivå og systemnivå. Undersøkingane i saka er eit viktig grunnlag i dette arbeidet, då undersøkingane seier noko om årsaka til problemet.¹⁴ I vurderinga av kva som er eit eigna tiltak skal barnet sitt beste vere eit grunnleggjande omsyn. Samla sett skal skolen gjennomføre dei tiltaka som med rimelegheit kan forventast i den enkelte saka. Plikta til å setje inn tiltak kviler på skolen. Kva for tilsette som faktisk skal gjennomføre tiltaka, må skolen fastsette konkret.

Våre observasjonar

På kommunens heimeside finn vi informasjon om tilsynsystemaet med hovudoverskrift *Skolemiljø*, med fleire underfaner, bl.a. om skolens aktivitetsplikt kor overskrifta er *§9a-3 Aktivitetsplikta*. Om tiltaksplikta står det at alle tilsette ved skolen skal: *Når ein elev ikkje har det trygt og godt skal skolen treffe eigna tiltak for å sikre at eleven oppnår eit god skolemiljø igjen*. Det står vidare at det skal lagast ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Vi les vidare at planen skal innehalde:

- Kva problemet tiltaka skal løyse
- Kva tiltak skolen har planlagd
- Kva tid tiltaka skal gjennomførast
- Kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltaka
- Kva tid tiltaka skal evaluerast

Av innsendte aktivitetsplanar kan vi sjå at skolen nyttar tiltak som blant anna *elevsamtale, samtaler med føresette og elev, faste møtestader og tidspunkt med vaksne, samtale med helsesjukepleiar eller anna helsepersonell som ikkje er tilsett i skolen, plassering i klasserommet, tett vaksenkontakt, innmelding av sak som systemsak, og innmelding av sak til miljøteam*. Det er satt ein ansvarleg for alle tiltaka, og tiltaka skal evaluerast på gitt tidspunkt. Nokre tiltak skal evaluerast på eksakt dato festa i aktivitetsplanen, andre *i neste samarbeidsmøte*.

I handlingsplanen som skolen og kommunen visar til som under revidering, står det om tiltak for eit trygt og godt skolemiljø. Det ligg forslag til kva for førebyggjande tiltak som kan vere eigna for å sikre elevar eit trygt og godt skolemiljø. I kommunens handlingsplan står det i punkt 6:

Tiltak: Denne plikta gjeld skolen og i praksis er det rektor sitt ansvar. Skolen må vurdere val av tiltak ut frå observasjonar som er gjort og konklusjonen som ein har kome fram til. Tiltaka må vere skreddersydde.

Under punkt 6.1 i handlingsplanen presenterast ein tabell med tiltak som kan nyttast og kven som har ansvar for gjennomføring.

¹⁴ Jf. Prop.57 L (2016–2017) punkt 5.5.2.5.

Våre vurderingar

Vi kan sjå av dei innsendte aktivitetsplanane at det er variasjon i val av tiltak i dei konkrete sakene. Det kjem ikkje fram at det er klar samanheng mellom undersøkingar og tiltak i alle sakane da vi har fått lite dokumentasjon på undersøkingar som er gjort.

Nokre av sakane er avslutta etter omtrent ein månad, og dette kan vere eit teikn på at tiltaka har vore egna i den konkrete saka. Det kjem fram i aktivitetsplanar at skolen tar omsyn til det beste for eleven i dei konkrete sakane, og at elevens stemme kjem fram og er sentral.

I dokumentasjon skolen og kommunen har sendt oss samt gjennom intervju, ser vi klar forskjell mellom kva skolen sikrar og kva kommunen sikrar når det gjeld plikta til å sette inn tiltak i skolemiljø saker. Skolen har planar og malar som rektor har utforma, og det er ei klar forventning til kva ein aktivitetsplan skal innehalde. Det kjem fram at det samla sett er tiltak på individnivå, klassenivå og systemnivå i dei innsendte sakane frå skoleåra 2020/2021, 2021/2022 og 2022/2023. Økt vaksentettheit eller vaksen som er tettare på den aktuelle eleven, er gjennomgåande tiltak.

Føresette og elevar vi har snakka med, er nøgde med tiltaka og sakane løyser seg innan rimeleg tid. Dette tolkar vi som at skolen sett inn tiltak som er nyttige i den enkelte saka. I saker som er meir komplekse eller omfattande, har skolen tatt kontakt med kommunen for å sikre tiltak vidare. Vi har sett eksempel på ein e-post frå rektor til skolefagleg rådgivar og kommunedirektør samt påfølgande møtereferat.

Konklusjon

Skolen/skoleeigar vurderer konkret kva for tiltak som er eigna.

2.10 Evaluerer skolen/skoleeigar tiltaka jamleg, og blir tiltaka endra ved behov?

Plikta til å setje inn eigna tiltak må tolkast utvida, og omfattar og ei plikt til å følge opp tiltaka, evaluere verknad og eventuelt leggje til eller endre tiltak om det er nødvendig for å sikre eleven eit trygt og godt skolemiljø.¹⁵

Våre observasjonar

Skole og skoleeigar svarar ja på spørsmål i RefLex om tiltaka evaluerast jamleg og om tiltaka endrast ved behov. Det kjem fram i utfyllande svar at tidsperspektiv og tid for evaluering av tiltaka skal stå i aktivitetsplan. Vidare står det at det *i tråd med prosedyre skal gjennomførast evalueringsmøte minimum kvar 14. dag. Der vurderast det om eleven opplever å ha eit trygt og godt skolemiljø slik at saka kan avsluttast, om tiltak skal vidareførast eller endrast.*

I sakene vi har fått tilsendt ser vi at tiltaka har dato eller anna tidsramme for evaluering. Skolen kallar inn til møte eller har telefonsamtale med føresette når det gjeld evaluering av tiltak og eventuell avslutting av sak. Skolen nyttar mal for evaluering, og vi har sett dokumentasjon på to slike evalueringar. Vi har fått tilsendt to malar for evaluering av tiltaka i aktivitetsplanen, og fleire utfylte evalueringsskjema i tilknytning til enkeltsaker.

Våre vurderingar

Gjennom dokumentasjonen og intervju ser vi at det planleggjast evaluering av tiltaka i aktivitetsplanane og at dette gjennomførast. Vi ser i liten grad at tiltak som inneber tverrfagleg samarbeid med fagpersonell utanfor skolen bli evaluert og dokumentert. Vidare ser vi at elev og føresette er med i evaluering av skolens tiltak, og om aktivitetsplanen kan avsluttast.

¹⁵ Jf. Prop.57 L (2016–2017) punkt 5.5.2.5.

Vi har ikkje fått tilsendt aktivitetsplanar kor skoleeigar har vore involvert i evaluering av tiltak. Det går frem av rutineane for § 9A-5 at kommunen trekkast inn om det er ein tilsett på skolen eller ein i leiinga som krenker ein elev. Vår vurdering er at det er sannsynleggjørt at skoleeigar ville ha evaluert tiltaka jamleg dersom det var behov for at kommunen vert involvert i saka.

Konklusjon

Skolen/skoleeigar evaluerer tiltaka jamleg, og tiltaka blir endra ved behov.

2.11 Lager skolen/ skoleeigar ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ein sak, og inneheld den skriftlege planen minimumskrav til innhald?

Skolen/skoleeigar skal lage ein skriftleg plan når det setjast inn tiltak i ei sak. Planen skal innehalde kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak skolen/skoleeigar har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka og når tiltaka skal evaluerast.¹⁶

Våre observasjonar

Vi har fått tilsendt to malar for aktivitetsplanar. Skoleåret 2022/23 nyttast ny mal for aktivitetsplan. Begge malane inneheld kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak skolen har planlagt, når tiltaka skal gjennomførast, kven som er ansvar for gjennomføringa av tiltaka og når tiltaka skal evaluerast. Ny mal for aktivitetsplan har og grunngjeving for tiltaka. Malen gir rom for å skrive kva eleven meiner samt eventuelle kommentarar frå elev og føresette. Rektor står som hovudansvarleg for oppfølging av planen. Gjennom intervju kommer det fram at det er rektor ved skolen som utarbeidar malar på dette feltet.

I punkt 6.2 i handlingsplanen som er under revidering står det om aktivitetspliktas fem plikter, og kva aktivitetsplanen skal innehalde. Det står og at skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter oppl. § 9 A-4 første til femte ledd.

Våre vurderingar

Våre vurderingar er at begge malane for aktivitetsplan inneheld minimumskrav til ein aktivitetsplan etter opplæringslova § 9 A-4 sjetle ledd. I innsendt dokumentasjon ser vi at skolen opprettar ein aktivitetsplan når undersøkingane visar at det er behov for tiltak for å sikre eit trygt og godt skolemiljø for ein elev. Vi ser at skolen lagar aktivitetsplan om det berre er behov for eitt tiltak. I dei fleste planane vi har mottatt er det fleire tiltak i aktivitetsplanane.

Det står og at aktivitetsplan(ar), dokumentasjon av oppfølging av tiltak og evalueringar skal arkiverast i kommunen sitt arkivsystem.

Konklusjon

Skolen lager ein skriftleg plan når dei set inn tiltak i ein sak, og planen inneheld minimumskrav til innhald.

¹⁶ Jf. oppl. §§ 9 A-4 og 9 A-5.

2.12 Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan?

2.13 Avdekker og følgjer kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt?

Sjå rettsleg grunnlag og vurderingar under punkt 2.5 og 2.6.

Konklusjon

Kommunen har ikkje dokumentert at dei har tilpassa internkontroll for å hindre eller førebyggje brot på tiltaksplikta. Kommunen avdekker ikkje og følgjer ikkje opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at tiltaksplikta ikkje overhaldast.

3 Våre reaksjonar

3.1 Pålegg om å rette forholda

Vi har avdekt brot på regelverket. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande forhold, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4.

Sikrar kommunen at plikta til å undersøke i skolemiljøsaker blir oppfylt?

Kommunen skal sikre at skolen og skoleeigar oppfyller plikta til å undersøke saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skolen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1.

Valle kommune må i den samanheng sjå til at:

1. skolen/skoleeigar gjennomfører dei undersøkingar som utifrå ein fagleg standard med rimelegheit kan forventast
2. skolen/skoleeigar dokumenterer kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta
3. kommunen si internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.
4. kommunen avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.

Sikrar kommunen at plikta til å setje inn tiltak i skolemiljøsaker blir oppfylt?

Kommunen skal sikre at skolen og skoleeigar oppfyller plikta til å setje inn tiltak i saker kor ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, eller blir krenka av ein som arbeider på skolen, jf. opplæringslova §§ 9 A-4 og 9 A-5, jf. kommunelova § 25-1.

Valle kommune må i den samanheng sjå til at:

5. kommunen si internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan.
6. kommunen avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt.

3.2 Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta

De skal iverksette tiltak for å rette brot på regelverket med det same. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de har retta. De skal erklære at rettinga er gjennomført og greie ut om korleis de har retta. De bør gjere greie for:

- kva tiltak de har sett i verk eller planlegg å setje i verk for å rette regelverksbrotet
- korleis de planlegg å følgje med på at tiltaka blir sett i verk og regelverket blir følgt
- kva for interne fristar de har sett for å sikre framdrift og gjennomføring

Fristen er **1. februar 2024**.

4 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Viss de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om brevet har kome fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klaga til oss. Vi har høve til å gjere om vedtaket. Viss vi ikkje er samde med dykk, sender vi klaga til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforma klaga.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klaga er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 18.

Carl Otto Christiansen

seniorrådgivar/tilsynsleiar

utdanning- og barnevernsavdelinga

Anna Viken Goderstad

rådgivar

utdanning- og barnevernsavdelinga

Gunn K. Pedersen

seniorrådgivar

utdanning- og barnevernsavdelinga



STATSFORVALTEREN I AGDER
Att. Carl Otto Christiansen
Postboks 504
4804 ARENDAL

Vår ref.: .2023/810-9
B08

Sakshandsamar: Else Margit Tveit
else.margit.tveit@valle.kommune.no

Dato
19.01.2024

Erklæring og utgreiing om korleis pålegg er retta

Syner til brev datert 05.12.23 med dykkar referanse 2023/3199.

ERKLÆRING

Valle kommune erklærer hermed at retting av pålegg er gjennomført.

UTGREIING

Tiltak vi har sett i verk for å rette regelverksbrot

1. Skolen / skoleeigar gjennomfører dei undersøkingar som utifrå ein fagleg standard med rimelegheit kan forventast

Det er utarbeidd ny prosedyre om § 9A – 4, Undersøkingssplikta. Prosedyren ligg i kommunen sitt internkontrollsystem, Compilo. Prosedyre er gjort kjent for alle tilsette ved skulen og den er tatt i bruk. Prosedyre inneheld eit større utval av undersøkingar som kan gjennomførast og ei tydeleg ansvarsfordeling av oppgåvene. Undersøkingane skal ha fokus på individ-, klasse- og skulenivå.

2. Skolen / skoleeigar dokumenterer kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta

Prosedyren nemnt over, syner kven som skal dokumentere, kva som skal dokumenterast og kor dokumentasjonen skal arkiverast. Prosedyre er gjort kjent for alle tilsette ved skulen og den er tatt i bruk.

3. Kommunen sin internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta er ikkje blir oppfylt

- Det er utarbeidd / revidert årshjul for innhald i månadlege møte mellom rektor og skuleeigar. Trygt og godt skulemiljø er tema i alle møta. Årshjul er tatt i bruk. I minimum eit årleg møte vert alle dokument frå ei eller fleire § 9A – sak (-ar) gjennomgått. Dette inkluderer og undersøkings- og dokumentasjonsplikta.
- Læringsmiljø er tema på to møte i Oppvekst Valle. Det er møte mellom alle leiarar og andre nøkkelpersonar som arbeider med barn og unge i Valle kommune.
- Nye gjeremål i Compilo, Valle kommune sitt internkontrollsystem:
 - * Gjennomgang av § 9A med personalet ved oppstart kvart skuleår er lagt som gjeremål med krav om kvittering kommentar frå rektor til skuleeigar.
 - * Skuleeigar går kvart år gjennom § 9A - sak(ar) for å eventuelt førebyggje eller avdekke om m.a. undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje er oppfylt. Gjeremål med kvittering om kommentar ligg i årshjul til skuleeigar.

4. Kommunen avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt

Avdekke:

- Gjeremål i Compilo:

* Skuleeigar går kvart år gjennom ei eller fleire § 9A-sak(ar) for å eventuelt førebyggje eller avdekke om m.a. undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje er oppfylt. Gjeremål med krav om kvittering er lagt i skuleeigar

sitt årshjul. Kan utførast som gjennomgang i møte og/eller som dokumenttilsyn dersom risikovurderingar tilseier det.

* Risikovurdering er lagt inn som gjeremål i skuleeigar sitt årshjul.

Følgje opp med korrigerande tiltak:

- Ny prosedyre om kva Valle kommune gjer dersom det vert avdekt brot på m.a. undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta er utarbeidd i Compilo og er gjeldande.

5. Kommunen si internkontroll er tilpassa for å hindre eller førebyggje brot på tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan

- Det er utarbeidd / revidert årshjul for innhald i månadlege møte mellom rektor og skuleeigar. Trygt og godt skulemiljø er tema i alle møta. Årshjul er tatt i bruk. I minimum eit årleg møte vert alle dokument frå ei eller fleire § 9A – sak (-ar) gjennomgått. Dette inkluderer og tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan.

- Læringsmiljø er tema på to møte i Oppvekst Valle. Det er møte mellom alle leiarar og andre nøkkelpersonar som arbeider med barn og unge i Valle kommune.

- Gjeremål i Compilo:

* Gjennomgang av § 9A med personalet ved oppstart kvart år. Dette er lagt som gjeremål med kvittering og kommentar frå rektor til skuleeigar i Compilo

* Skuleeigar går kvart år gjennom sak(ar) for å eventuelt førebygge eller avdekke om m.a. tiltaksplikta og plikta til å lage skriftleg plan ikkje er oppfylt. Gjeremål med krav om kvittering og kommentar, ligg i skuleeigar sitt årshjul. Kan utførast som gjennomgang i møte og/eller som dokumenttilsyn.

6. Kommunen avdekker og følgjer opp med korrigerande tiltak for å hindre eller førebyggje risikoen for at tiltaksplikta og kravet om å lage ein skriftleg plan ikkje blir oppfylt

Avdekke:

- Gjeremål i Compilo:

* Gjennomgang av § 9A med personalet ved oppstart kvart år. Dette er lagt som gjeremål med kvittering og kommentar frå rektor til skuleeigar i Compilo

* Skuleeigar går kvart år gjennom ei eller fleire § 9A-sak(ar) for å eventuelt førebygge eller avdekke om m.a. tiltaksplikta og plikta til å lage skriftleg plan ikkje er oppfylt. Gjeremål med krav om kvittering og kommentar er lagt i skuleeigar sitt årshjul. Kan utførast som gjennomgang i møte og/eller som dokumenttilsyn dersom risikovurderingar tilseier det.

* Risikovurdering er lagt inn som gjeremål i skuleeigar sitt årshjul.

Følgje opp med korrigerande tiltak:

- Ny prosedyre om kva Valle kommune gjer dersom det vert avdekt brot på m.a. tiltaksplikta eller plikta til å lage skriftleg plan er utarbeidd i Compilo.

Korleis vi planlegg å følgje med på at tiltaka blir sett i verk og regelverket blir følgt

Skuleeigar følgjer med på skulen sitt arbeid ved månadlege møte, gjennomgang av dokument og eventuelt dokumenttilsyn.

KD følgjer opp skuleeigar ved at oppfølging av tilsyn er tema i oppfølgingsmøte kvar 4.veke

Kva for interne fristar vi har sett for å sikre framdrift og gjennomføring

Alle rutinar/prosedyrar, gjeremål og årshjul for ulike møte er gjort gjeldande.

Med helsing
Valle kommune

Else Margit Tveit
Skulefagleg ansvarleg og ansvarleg barnemyndigheit

Dokumentet er godkjent elektronisk og vert sendt utan signatur.